

MEDLEMSVILKÅR FOR TRENINGSSTUDIOET I FJALERHALLEN:

Nedanfor finn du rettar og plikter for både eigar og medlem. Målet er at treningsstudioet skal vere sikkert, ryddig og triveleg for alle.

Eigar (Fjaler kommune):

- Kan gjennomføre tilgjengekontroll og dopingkontroll.
- Skal halde utstyr og lokale i best mogleg stand.
- Kan stenge treningsstudioet på kort varsel i kortare periodar ved særlege driftshøve.
- Fråskriv seg ansvar for personskade eller tap/skade på personleg utstyr, dersom det ikkje kan påvisast aktløyse frå Fjaler kommune.
- Fastset reglane for bruk av treningsstudioet.

Medlem i treningsstudioet:

Som medlem:

- Har du sjølv ansvar for å vere helsemessig skikka til å trene.
- Kan du ikkje låne bort eller overdra ditt personlege medlemskap eller inngangskort.
- **Ved brot på regelen om misbruk av kort:**
 - 1. gong: skriftleg varsel
 - 2. gong: medlemskapen blir avslutta og kortet annullert
- Du kan bli medlem og trene frå det året du fyller 15 år.
- Du pliktar å følgje gjeldande reglar og rette deg etter instruktørar og tilsette.
- Ved første gongs bruk av ny eller oppdatert nøkkelbrikke må brikka aktiverast på online-lesar ved ytterdørene, eller ved inngangsdør til treningsrommet i skuletida.

REGLAR FOR BRUK AV TRENINGSSTUDIO I FJALERHALLEN:

- Berre medlemmer med gyldig og oppdatert nøkkelbrikke har tilgang.
- Treningsstudioet er barnefri sone. Du kan trene frå det året du fyller 15 år.
- Bruk berre reine innesko i treningsstudioet
- Studioet er ope heile døgnet ved bruk av personleg nøkkelbrikke.
- Misbruk av nøkkelbrikke fører til inndraging av nøkkelbrikke og bortvising.
- Sjå kalender på Dale IL si nettside <https://daleil.no/> for faste treningstimar. Du kan trene samtidig med organiserte timar, men desse har fortrinnsrett.
- Vask utstyret med desinfeksjonsmiddel etter bruk.
- Rydd alt utstyr på plass etter trening.
- Meld frå om feil på utstyr i loggboka som ligg i vindaugget.
- Forlat studioet slik du ønskjer å finne det neste gong.
- Garderobe: det er høve å bruke **garderobe 4** (gutar/menn) og **garderobe 2** (Jenter/kvinner). Merk at garderobane også blir nytta av skuleelevar og idrettslaget.